



Bergvesenet

Postboks 3021, 7002 Trondheim

Rapportarkivet

Bergvesenet rapport nr BV 3806	Intern Journal nr	Internt arkiv nr	Rapport lokalisering Trondheim	Gradering
Kommer fra ..arkiv	Ekstern rapport nr	Oversendt fra	Fortrolig pga	Fortrolig fra dato:
Tittel Gruvedrift på Bømlo				
Forfatter Steinsvåg, Solveig		Dato 1965	Bedrift Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag	
Kommune Bømlo	Fylke Hordaland	Bergdistrikt Vestlandske	1: 50 000 kartblad 11142	1: 250 000 kartblad
Fagområde Historisk	Dokument type		Forekomster	
Råstofftype Malm/metall	Emneord Au			
Sammendrag				

Sven-Erik Sjoberg

SUNNHORDLAND

Årbok

BAND XLVI

1965

Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag

GV 3806

Skriftstyre:

Ivar J. Helleland - Ola Høyland - Ivar Skre

I.

Finnås er det prestegjeldet som er skift i 'Moster, Bømlo og Brømnes sokner. Namnet skriv seg frå prestegarden, som enno heiter Finnås, og det er dessutan teke i bruk for posthuset og telefonstasjonen attmed Kanalen. Mellom Moster og Bømlo er det veksamband over Røysundbrua som vart ferdig i 1938.

Etter det geologiske kartet deler ein øya i 3 luter:

1) Den nordre luten er granitt. Han rekk, stort sett, frå nørdeste pynten og til og med Brømneskyrkja. Ein kjenner han på den ljose, ofte kvitvorne leten, slik ein t.d. ser han i berget i Rubbestadneset og Urangsvågen. Landet her er mest lyngkledd bergknausar og nakne fjell. Innimellom finn ein små gardar, myrar og vatn. Hist og her, i lune vikar og fjordar, er det litt lauvskog.

Sønnafor kyrkja går fjellet over i 2) gabbro. Han er isprengd med andre bergarter. Ein vil mellom anna finna hornblende, blyglans, kvarts, ulike slag ertsar, fleire konglemerat og lavabergarter. Det siste finn ein i Sig-gjo, høgste fjellet på Bømlo, 474 meter høgt. Gabbrolaget går over midtre luten av Bømlo og strekker seg sør til Sørå-Sele. Dette beltet held fram innover Bømlafjorden, og ein finn det att i Sagvåg på Stord, på Tysnes og i Ølve. Landslaget i gabbrofeltet på Bømlo er mykje likt det i granittfeltet, berre at her er det fleire lune vikar, meir lauvskog og litt fureskog.

3) Frå Sørå Sele går fjellet over i sedimentære bergarter. Søre luten av Bømlo er skifer. Dette skiferlaget held fram innover Moster, Stord og Tysnes. I utsjånad skil ikkje landet seg mykje ut frå nordre og midtre luten.

GRØNSTEIN

II

I skiferfeltet finn ein ymse skifrige bergarter, t.d. grønstein. Det er ein steinart som vart mykje nytta til våpen og reiskap i steinalderen. Det er ei sameining av ein jarnerts, grøn hornblende, epidol og truleg litt kvarts. Fargen er mørkgrøn. Med velretta slag let grønstainen seg kløyva etter visse reglar, likeeins som flinten.

På garden Vespestad på Bømlo fann dei fleire steinsaker i ein åker i åra 1897—98. Dette førde til nærare granskingar. Det vart grave ei 11 meter lang grøft i ei myr, Sokkamyro, attmed den åkeren der sakene vart funne. Då kom det for dagen fleire hundre steinstykke som bar merke av å ha vore arbeidde på. Dei vart førde til Bergens Museum.

Dei heldt fram å grava. Myra viste seg å vera ein buplass frå steinalderen. Dei fann ei mengd kolbetar. Desse vart granska og synte seg å stamma frå bartre, fura eller brakje, og frå lauvtre, truleg bjørk. Det var serleg kvistane av trea steinalderfolket bruka til brensel. Dei var lettast å få tak i.

Arbeidet med steinsakene har teke mykje av steinaldermannen si tid. Steinverktya syner at han har vore vel inne på korleis grønstainen skulle handsamast, kvar og korleis han skulle slå for å få han til å kløvna på rette måten. Slo han på steinen etter høveleg førehandsarbeid, kunne han oppnå at steinen kløvna i lange, tynne strimlar som vart fullt brukbare til knivblad. Økser og større reiskapar var meir grovt tilhogde. Emnet var ei høveleg steinblokk. Til sleggja bruka han ein rullestein som vanleg vog fleire kilo. Rullesteinen vert også kalla slagstein. då han vart bruka til å slå med. Med slagsteinen slo dei av det som var formykje og fekk blokka ned i høveleg storleik, og forma på reiskapen kom til syne. Så vart det finhogt og forma etter ynskje. Slike slagsteinar fann dei mange av i Sokkamyro. Dei hadde ru, ujamne flater og avslegne stykker. Dette fortel kva dei har vore bruka til.

Sliping av verkty gjekk føre seg på den måten at dei gnei det dei ville slipa, mot ei grov plate av sandstein eller ei kvartsitplate, ofte saman med sand og vatn. Ein freistnad no tildags har synt at ein mann treng mellom 30 og 40 timar for å slipa ei flintøks over det heile. Truleg arbeidde ein dreven steinaldermann fortare. Grønstainen er lettare å arbeida med når han er våt, men gjev ikkje så god og varig egg som når han er tilarbeidd i turr tilstand.

Alle øksene frå Vespestad er utan skafthol. Det tyder at ein her har å gjera med den eldre steinalderen. Funnet syner at det har vore stor verksemd på Vespestad og elles i Langevåg. Ein har funne spor etter steinalderfolket fleire stader, og forutan reiskapar har ein funne pilespissar av skifer og flint og restar av leirkar.

Steinaldermennene i Sokkamyro har ikkje hatt lang veg etter vyrket til reiskapen. Steinen har dei truleg teke i fjellet attom buplassen. Likevel kan ein ikkje seia at her har vore nokon verkstad i vår meining med ordet, for her gjekk føre seg mangt anna også. Her vart økser og knivar bruka til å arbeida med i tre og skinn, her koka dei maten sin på båla og drog tilrettes fengda av jakt og fiske.

Strandlina gjekk høgare opp då enn no. I den tida har Langevåg-landet lege under vatnet slik at steinalderfolket som heldt til i Sokkamyro budde attmed stranda. Derimot kan ein snakka om verkstad på Hespriholmen i Nordøyane. Dei ligg vestafor sørluten av Bømlo. Her fann dei også grønstein. Steinbrotet vitnar om stor verksemd i steinalderen. Det er det eldste norske steinbrotet og truleg det einaste som ein veit om frå steinalderen her i landet. Herifrå er då steinblokkene frakta i maksver til øyane ikring og over til Bømlo. Her arbeidde dei vidare på blokkene og forma dei til verkty, våpen og liknande. På Hespriholmen har ein granska fleire arbeidsplassar som fullt ut vitnar om at her har det vore verkstad. Her er det knapt nok funne ferdige reiskapar, korkje heile eller sundslegne, slik ein fann det på dei

vanlege fangstplassane. Men her låg samla massevis av emne og halvferdige reiskapar, mest av slike som var mislukka eller sprukne under tilhogginga. Attåt dette fann ein verkty, t.d. slagstein og knusestein. Likeeins fann ein store dungar av avfallsflis frå tilhogginga. På ein stad talde dei opp 1700 stykke avfallsflis som låg i eit 10 cm tjukt lag med 1 m² vidde. Desse låg rundt ein rullestein som kanhende har gjort teneste som hoggestabbe under arbeidet.

Søre luten av Bømlo var såleis ikkje berre ein stad som baud på serlege gode vilkår når det galdt fiske og fangst. Her var også eit industrisentrum som i lange tidarbolkar av steinalderen leverte grønsteinsverkty i form av heil - eller halvfabrikata til store delar av Vest-Noreg. Ein kan ikkje med full visse seia om det var fleire ætter som hevda einerett på utnytting av grønsteinen, eller det var slik at folk andre stader frå kysten med visse mellomrom vitja Hespriholmen for å skaffa seg nytt tilfang av verkty, våpen og reiskap.

KLEBERSTEIN

III.

Klebersteinsbrotet i Urdo på Løkling har vore kjent alt frå gamal tid. Det ligg på sørsida av Austavindhauget. I Beindalsvikjo på Sør-Sele kjem same slag stein tilsyne att. Elles fortalde Paul Larsen på Løkling, han har skote ut fleire hustuffer i gabbrofeltet, at ein støyter jamt på kleberstein når ein har skote vekk gråsteinen. Han nemnde i det høvet serleg Vornes.

Kleberstein er ein bergart som er samansett av talk og kloritt. Blandinga kan vera noko ulik for dei ymse artar av kleberstein. Er det mest talk, vert det talkskifer. Er det mest kloritt, kallast han kleberstein eller telgjestein. Hos den typiske klebersteinen ligg skjell av talk og kloritt blanda om kvarandre. Namnet telgjestein kjem av verbet å telgja eller tolga, det er stein som kan hoggast eller skjerast til. Det gamalnorske namnet var

tálgusteinn eller tálgugrjót. Grjót er det gamalnorske ordet for stein. No kan det vera ymse variantar som ikkje let seg saga eller skjera til like lett. Det hender klebersteinen er oppblanda med ymse mineral som er hardare enn talk og kloritt. Arbeidet med slik stein gjekk seinare og gav titt og ofte ei utskjemd sag.

Fargen på talkskiferen er olje-grøn. Klebersteinen er grågrøn til mørkgrøn og blå. Tek ein han i handa, kjenner ein at han er feit, ein kan ripa i han med naglen. Han let seg skjera med kniv. Slår ein på han med hammaren, vert det merke etter slaget og steinen går sund.

Kleberstein vert til ved at bergarten olivinstein, eit magnesiumsilikat som også inneheld jarn, tek opp vatn. Eit anna produkt av magnesiumsilikat og vatn, og som også er mjukt og lett å arbeida i, er serpentin. Fargen er grøngul. Desse to, kleberstein og serpentin, er ofte å finna på same plassen og slik også i Urdo.

Kleberstein vart nytta til mangt. Fyrst og fremst nytta dei han til husbygging, serleg i kyrkjebygg. Det heiter at Olav Tryggvason sine menn braut kleberstein i Urdo og frakta han til Moster der dei sette opp gamle Moster kyrkje. Det er frå denne tida ein trur gardsnamnet Kuleseid skriv seg. Der som Kuleseid-kanalen no er, var det eit eid før kanalen vart graven i 1854-56. Før den tid drog dei færingar og andre fiskebåtar over eidet. Sagnet seier at Olav Tryggvason for denne leia då han frakta steinen frå Løkling til Moster. Da han kom til eidet, laut han bera eller velta steinen over. Dette kalla dei å kula steinen. Av verbet å kula har ein så fått Kuleseid. Professor Amund Helland har ei onnor tyding av ordet. Han meiner at Kuleseid kjem av at kyrne har halde til der, og at namnet er ei avleiing av Kulæggs-eid.

I gamal tid, såleis både i eldre og yngre jernalder, vart kleberstein nytta til urner og skåler. Mange oppgravne gravhaugar fortel oss om det. Gryter og kar av kleberstein var i bruk gjennom mellomalderen og heilt

ned til vår tid. Elisabet Endresdotter frå Sørø-Sele, fødd i 1856, har fortalt at i hennar barneår kom det folk til far hennar og ville ha kleberstein til kokekar. Desse grytene hadde den ulempen at dei var tunge og kokte seint opp, men kom innhaldet fyrst på kok, heldt det seg på kokepunktet lenge utan meir fyring. Dei var vél eigna til å koka bær og andre matvarer, som inneheld organiske syrer, i. Klebersteinen vart også bruka til baksteheller, til botn i bakaromnar, til peisar og omnar og i cellulosefabrikkane. Dei brukte også mykje å knusa talkskifer til pulver, og då vart han nytta som smørgjingsmiddel i maskinar. Det var den reinaste talkskiferen som vart nytta til dette. Vidare vart han nytta til framstilling av såpe, lerret og til forfalskning av mjøl. Den pulveriserte steinen gjekk under namnet talk eller talkum. Enno i våre dagar vert han nytta til søkkjer på nøtene og til framstilling av papir, gummi, lær og såpe og i farge- og tekstilindustrien.

I klebersteinsfeltet i Urdo har det ikkje vore nemnande drift i dette hundreåret. Den nye lærarbustaden på Løking er bygd på den staden der brotet var. I fjellet bortafor huset ser ein merke etter kilar dei har bruka for å bryta laus steinen. Våren 1950, då dei grov brønn til lærarbustaden, fann dei 3 jærnkilar 2 meter nede i jorda. Kilane var dekkja av kleber. Arbeidsformannen der, Paul Larsen, fortalde at kilane låg i eit lag av pukkstein. Han meinte sumt tydde på at jærnkilane har vore bruka til å hogga kantane av store blokker for å få eit visst skap på dei, og at det djupe laget av pukk kom av det same. Der dei fann kilane, er det brote ut fleire tusen kubikkmeter kleberstein. Sumt tydde på at steinen har vorte brend laus.

KALKSTEIN

IV.

På Moster har det vore brote kalkstein i mange år. Kalklaget tek til i Holsøyane vestom Grutle, kjem fram i dagen att i Børøy-utemarka, på Moster og på Hidle, ei

lita øy som ligg i Bømlafjorden mellom Halsnøy og Stord, og det held fram over sørkanten av Stord og Tysnes og innover til Ølve.

Kalksteinen på Moster er finkorna marmor som ter seg på to måtar: anten blågrå eller kvit. Desse to variantane vekslar med einannan, anten lagvis, eller den kvite ligg inni den blågrå. Kalksteinen kan nyttast som marmor eller brennast til kalk. Rein kalkstein vert bruka ved framstilling av kalciumkarbid.

Dei fyrste som ein veit tok til å brenna kalkstein i Sunnhordland, var augustinermunkane i klostret på Halsnøy. Etter tradisjonen grunnla Erling Skakke dette klostret i samband med at sonen Magnus vart krona til konge i 1164. Det er fortalt at munkane heldt på å byggja ein kalkomn i 1328 og at dei skulle senda bisp Audfinn av Bergen ein ladning kalk når omnen vart ferdig. Det er ikkje fortalt kvar omnen vart bygd.

Namnet Limomnsneset på Rutsøya vest for Moster syner at dei har brent kalk der alt i mellomalderen. Det er fortalt at det var kalkbrenning der for 600 år sidan.

Det var kalksteinsbrot på Moster alt i 1702. Den fyrste som tok til med drifta var oberstløytnant Peder Montagne de Lillianschiold. Han dreiv fleire kalksteinsbrot også, m.a. på øya Hidle, som før reformasjonen høyrde til klostergodset på Halsnøy. Oberstløytnant Lillianschiold var fødd i Bergen 1667 og busette seg i 1694 på garden Handeland i Fjelberg. Han atte mykje jordegods kringom i Sunnhordland, såleis i Skånevik, Etne og Bjoa. I 1702 byrja han med eit marmorbrot på Moster og fekk monopol på utførsel av marmor frå Mosterhamn. Herifrå vart det sendt marmor til Kristiansborg slott i København og vidare til England, Holland og Tyskland.

Kalksteinen på Moster vart også send ubrend til teglverka ved Stavanger. Der vart han brend saman med teglsteinen. Dermed fekk dei kalk ved sida av teglsteinen.

Diverre vart utlogene større enn innkomene for oberstløytnant Lillianschiold og då han døydde i 1725,

var han ein fatig mann. Han hadde i alt hatt i gang 7 marmorverk. Av desse var 4 i drift i 1740, mellom desse Moster. På Hidle var marmorverket då lagt ned. Frå 1750—75 var det heilt slutt også i dei 4 brota.

I 1775 vart arbeidet i Mosterhamn teke oppatt av Werner Hosewinkel Christie og prost Peder Harboe Hertzberg, soknepresten til Finnås. Dei leverte mykje marmor til København. Det heiter han vart bruka til bygginga av Marmorkyrkja. På Moster var det stor verksemd i denne tida, og det vart teke inn arbeidsfolk utabygds frå i tillegg til den heimlege arbeidsstokken.

I Areiddalen, som ligg i utemarka til prestegarden, sette prost Hertzberg og Christie opp ei marmorsag. Det renn ei lita elv gjennom Areiddalen. Her sette dei steinsaga og nytta elvevatnet til drivkraft. Saga var Christie meister for. Ho var konstruert slik at ho sagde 4 marmorplater i slengen og sidan kunne dei slipa platene med same mekanismen. Marmoren vart bruka til trapper, bordplater, hagebenkjer, gravsteinar, urner, mortarar o. s. b.

For om lag 30 år sidan bygde dei bru over Areidelvo. Under arbeidet med fundament til bru-kara fann dei ein stein i jorda. Han synta seg å vera av marmor og har kome frå Moster i Hertzberg sine dagar. Steinen var skoren rektangulær. No er han støypt fast i rekkverket på brua. Innskrifta i steinen er hoggen av Endre Grønevik.

John Grønevik, som var over 80 år då eg snakka med han i 1950, kunne fortelja at ingen nolevande veit korleis saga var på skap. Etter som han fortalde, likna sagbladet eit vanleg sirkelsagblad, men utan tindar. Ved hjelp av vatn og sand skar sagbladet seg gjennom steinen. Han vart på ein måte fila av. Dei saga 1 tume for dagen, vert det fortalt etter gamle Nils O. Finnåsstølen. Seinare vart det slutt med å bruka marmorsaga. Det kom andre måtar å nytta ut kalksteinen på. Berre sanden låg att og fortalde kvar saga hadde vore. Det var fin pussesand, og konene på «mørkasido» (mørkasido er

den lokale nemninga for gardane nedafor Siggjo, på vestsida) henta i lang tid sand der til reingjering av hus og husbunad.

Det seier seg sjølv at før arbeidde dei meir tungvint. I Teiglands fellesbrudd synta det tidlegare store hol etter kilar som var bruka for å få laus marmorblokkene dei sende til København. (No er marmoren med kilemerkene førd bort.) Desse marmorblokkene var temmeleg store. Til utskipinga trongst bryggje. Difor murte dei opp ei bryggje av slike marmorblokker inst i Mosterhamn i slutten av 1700-talet. Hit ned vart marmoren kjørt med hest og slede på vinterføret og lasta inn på småjekter når våren kom. Utafor Mosterhamn låg store seilskuter og tok inn marmoren småjektene førte ut til dei, og med full last vart seil heist og kurs sett for København.

Etter kvart som tida gjekk, vart det slutt med å senda steinen til Danmark. I staden vart han send til kalkbrenneri her i landet.

Framover 1800-talet var det verksemd i fleire kalkbrot på Moster. Eldre folk kan fortelja at i deira barne- og ungdomsår braut mennene på Grindheim, Totland og i Mosterhamn kalkstein på dei nemnde stadene. Her finn me enno i dag kalkomnar som vart bygde frå om lag 1850 og utover mot 1900. Ole Hansen i Mosterhamn, også kalla Ola bakar avdi han hadde bakeri, bygde fleire kalkomnar. Ein av omnane står i Mosterhamn og to på Grindheim. Han brende kalken med kol.

Mons Gabrielsen, ein mann frå Valestrand som handla i Mosterhamn, sette opp ein kalkomn i Mosterhamn i 1890-åra. Han hadde einast drengen til hjelp. Denne omnen murte han opp sjølv og bruka større steinar enn dei som elles vart nytta til kalkomnar. Difor vart omnen solid og gav ikkje så lett etter når kalken brann. Omnar murt av mindre stein vart ubrukelege etter nokre års bruk på grunn av heten.

Kalken han brende frakta han med eigen båt til Bergen og Haugesund. Der vart kalken nytta til murmaterial. Han frakta også gjødningskalk til gardbrukarane

rundt om i Sunnhordland. Dette var leska kalk. Gabrielsen braut også kalkstein før han bygde kalkomnen sin. Då frakta han kalkstein til Hjelmås i Osterfjorden, til Haugesund, Karmøy, Stavanger og Sandnes. Nemnast må også at han frakta såkalla kulekalk, det vil seia leska kalk. Ombord i seilskuta si sette han opp to bingar eller kummar. I dei fylte han brend kalk og vatn, og dette bobla og kokte til han kom fram til Haugesund. Det var murarane som sette han på tanken å frakta kulekalk. «Eg såg på då han murte opp omnen, og eg hugsar godt den skøyto med kulekalken», sa Christian Dahl i Mosterhamn då han fortalde om Mons Gabrielsen.

I Klungervikjo ser ein teikn etter ein kalkomn frå eldre tid. Det var mykje skog der, godt om ved til brensel og difor ein høveleg stad for kalkbrenning. Kalken vart førd dit frå dei ymse kalksteinsfelt og brend med ved. I Dalaneset har ein funne merke etter ein kalkomn frå tidlegare tider. Her har truleg ein einskild mann drive kalkbrenning. Ved har han fått annan stad frå. Det fall dyrare å leiga kalkbrenninga enn å kjøpa veden og brenna kalken sjølv.

Andreas Hansen hørde òg med blant dei som braut kalk i eige brot, brende kalken sjølv og frakta han på eige farty. Brend kalk førde han til Bergen og gjødningkalk innover til Hardanger og nordover til Sogn. Dessutan førde han råstein, ubrend og umalen kalkstein, til Hjelmås i Osterfjorden. Men i 1914, då krigen kom, vart det stopp på grunn av brenselsvanskar. Seinare gjekk brotet på Andreas Hansen sin eigedom over til A. S. Mosterkalk.

På vestsida av Moster ligg dei to store gardane Totland og Grindheim. Til dei høyrer nokre holmar som er mykje kalkrike. Av desse nemner ein Trettholmen og Skardholmen. Ikkje langt derifrå ligg Rutsøya med Limomnsneset. Desse er i privat eige. Totlands fellesskap eig Trettholmen og Limomnsneset. Storparten av Trettholmen er skoten sund og førd vekk. Attmed Trettholmen ligg Litle Trettholmen. Han er frakta heilt bort

og jamna med sjøflata. På Limomnsneset var det etter måten stor drift i mellomalderen.

Grindheim fellesskap eig Skardholmen. Her har det før i tida vore brote kalkstein. Her står òg ein gammal kalkomn.

Dei ymse kalkbrota på Moster har såleis vore i drift i mange år, sume i hundrer av år. I denne tida har sume av brota skift eigarar. Andre brot er ikkje til meir, anten fordi kalksteinen som var der er førd vekk, eller dei fann for lite kalkstein i brota til at drifta kunne løna seg. Arbeidsmåtar og -reiskap har etterkvart vorte meir tidhøvelege. I seinare år er det kome drift i nye brot.

Utover til 1914 vart kalksteinen send til Hjelmås teglverk i Osterfjorden, til teglverk i Sandnes og på Karmøy, likeeins til kalkbrenneri i Haugesund, Stavanger og Sandnes. Samstundes brende dei kalk i alle omnane på Moster. Han vart tilvirka både til murkalk og gjødningkalk. Murkalken vart, for det meste, send til Bergen. Gjødningkalken vart levert til Hardanger og Sogn og Fjordane.

I 1915 tok Vestlandske kalkbrudd og eiendomskompani, Odda, til med drift på Moster. Dei kjøpte Notlands kalksteinsfelt og bygde lastestasjon, silo og taubane frå lastestasjonen til Televik. Kalksteinen vart førd frå Televik i store lektarar til Odda fabrikkar. Der vart han nytta i karbid- og cyanamidfabrikasjonen. I Notlandsfeltet var det etter måten stor drift fram til 1955. Dei tok steinen i ei djupn på 40 meter under havet. Arbeidsstyrken var på 16 mann i det dei i dag kallar «gamle-synken». («Nyesynken» ligg lenger vest i same feltet og er på 60—70 meters djupn. No er det ikkje drift i nokon av dei.)

Odda Smelteverk A/S vil ha kalksteinen 96% rein. I Notlandsfeltet finn dei han opptil 97,5% rein. Kvaliteten er ikkje alltid etter fargen. Den kvite steinen er halden for å vera den beste, men den gråsvarte kan også vera bra, stundom enno betre. Stein med største kalkinn-

hald finn ein på djupna, på grensa mot gråsteinen, som på Moster stort sett er gabbro. Det er same gabbrofeltet som går over Bømlo. Frå Notlandsfeltet vart det i 1950 levert om lag 1000 tonn kalkstein pr. månad. Alt gjekk til Odda og vart for ein stor del nytta i fabrikkasjonen av ferrokrom og ferro-silikat. Dessutan vart kalken nytta saman med kvelstoff i kunstgjødningsfabrikasjonen, t.d. i produktet Kalkkvelstoff Odda. Her gjer også kalken teneste som jordbetningsmiddel ved å nøytralisera syreoverskot i jorda og gjera jorda til høvelegare veksestad for kulturplantene.

Arbeidet i Notlandsfeltet vart lagt ned 31. desember 1955. Grunnen var at det var for mykje gråstein i kalksteinen til at Odda Smelteverk A/S kunne bruka han. Seinare har det berre vore tilsyn med anlegget og demonteringar. Lars Halvorsen fekk retten til å nytta kalksteinen i avfallshaugane som ligg ved den gamle siloplassen i Televik og oppover langs taubanen.

Frå 1. januar 1961 overtok Lars L. Johnsen, Sandnes, Notlandsfeltet etter Odda Smelteverk A/S. Kalksteinen vart frakta til Sandnes Kalkbrenneri.

2. juli 1917 kjøpte A/S Bjølvefossen, Alvik, Teiglands og Mosterhavns fellesbrudd. Dei fører kalksteinen til fabrikkane i Alvik. I fyrstninga vart kalken nytta i karbid- og cyanamidfabrikasjonen. Seinare gjekk dei over til å nytta han i framstillinga av ferrokrom og ferro-silikat.

Det er framleis drift i dette feltet. Det held på å ta slutt med kalksteinen i det som før var Teiglands og Mosterhavns fellesbrudd, men A/S Bjølvefossen driv vidare på eigedomen til Christian Dahl. Her er mykje kalkstein.

I 1936 byrja A/S Mosterkalk drift på eigedomen til førnemnde Andreas Hansen med Brynjulf Pedersen som driftsstyrar. A/S Mosterkalk bygde kai på Kjølleren, skinnebane frå kaien gjennom fellesbrotet og tunnel, om lag 160 meter, gjennom ein gråbergsrygg til austre kanten av Vetahaugen der A/S Mosterkalk sin eigedom

tek til. Her var det mykje kalkstein. I det store og heile vart steinen send til Sauda. Under krigen vart det leveringsvanskar, og det heile tok slutt i 1944. Etter krigen tok A/S Mosterkalk fatt på nytt i same feltet, men på ein annan stad der steinen inneheld meir kalk. Kalksteinen vart levert til Alf Johnsen som mel han rå til gjødningskalk og brenner han i eigen omn til murkalk. Kalkommen står i Serklaug.

Våren 1946 kjøpte Alf Johnsen jordeigedomen til Peder Svendsen Teigland. Her var mykje kalkstein og han sette i gang drift. Han eig Lura Kalkbrenneri og hit sender han kalksteinen.

Peder Skimmeland fortalde at då han var ung, frakta han kalkstein på seglskute til Stavanger. Han kjøpte steinen hos dei som dreiv kalksteinsbrot i Mosterhamn. Steinen vart kjøpt i kubikkfamn etter ein pris av kr. 15,- pr. famn³. Ei famn³ var om lag 10 tonn, og skuta tok vanleg 4 famnar. Dei var to mann ombord, og dei laut lossa steinen sjølv i Stavanger. Der fekk dei kr. 25,- pr. famn³. I bra ver trong dei 8 dagar på ei frakt. For denne frakta hadde dei såleis kr. 40,— for to mann på eigen kost og med eigen båt. Dei som braut stein i gruve den gongen, hadde om lag kr. 2,00 for dagen eller kr. 1,00 og maten. No er det akkordsystem rekna etter ei dagløn på kr. 40,00 for dagen. Det er også skilnad på arbeidstida før og no. Før tok dei til i grålysinga om morgonen og arbeidde så lenge dei såg. No har arbeid-arane ei arbeidsveke på 48 timar.

SKIFER.

V.

I sørste luten av Bømlo finn ein skifrige bergarter. Jamt over er landet låglendt med rundslipte knausar. Det høgaste fjellet er Berges-fjellet, som er 126 meter høgt. I dette fjellet er det funne fossilar. Øverst finn ein ein dioritisk bergart som ligg som ein kalott over

underlaget. Under denne ligg lag av leirskifer og sandstein.

I 1870—80 åra tok dei til med å bryta ut skifer her. Det kom folk i frå Voss hit og lærde bømblingane å bryta skifer. Steinen vart send til Bergen og bruka til takstein. Drifta fall noko tungvint og kostbar av di ein måtte bryta gjennom det dioritiske berglaget for å koma inn til skiferen. Likevel heldt ein fram med drifta også i det 20. hundreåret. No er arbeidet lagt ned.

KIS.

VI.

I den midtre luten av Bømmeløyno finn ein gabbrofeltet. Her er dioritiske bergarter, det vil seia eruptive, kiselsyrerike djupbergarter. I dette feltet er det ein finn svovel- og koparkis. Rundt 1850 tok dei til med skjerping på fleire stader. Dette førde ikkje til nemnande drift. Seinare, i 1860-åra, tok skjerpinga etter kopar- og svovelkis seg oppatt, og fleire gruver kom i gang, mellom dei Alvsvåg-gruva. I 1880 vart det skjerpa på nytt og då koma det i gang prøvedrift og drift fleire stader. Det vil føra for vidt å rekna opp alle stader der det vart skjerpa. På kvar gard var det eit eller fleire skjerp. Men ein kan nemna gardane der det vart sett i gang prøvedrift. Ein lyt nemna Steinsvåg, som truleg er med dei eldste prøvedriftene. På Nedre Steinsvåg, i Vågspollen ovafor Russestraumen, ser ein ein stor haug opphopa raudvoren stein. Kliv ein opp dei bratte hamrane, kjem ein inn i ein lang gang. Her prøveskaut dei fyrste gongen i 1870-åra. Dei fann litt svovelkis, men det vart ikkje stor leveranse derifrå. For å koma inn til Russestraumen, laut ein gjennom den vestre Kuleseid-kanalen. Han vart graven samstundes med den store Kuleseid-kanalen, i 1857, men var ikkje stor nok for dei breie lektarane som førde stein. Såleis vart det ikkje stort av det den gongen. Ein gong seinare, i fyrstninga av dette hundreåret, vart det på nytt snakk om å prøveskyta. Då hadde ein oppdaga gullet på Løkling og kven




Kalkommen Mons Gabrielsen sette opp i Moserhamn i 1890-åra.




Lengst sør i gullfeltet ligg Bukkskinnskloven. Namnet har han fått etter ein kvartsfleck som i formen liknar eit utspila bukkeskinn. Kvartsgangen i Bukkskinnskloven fekk namnet Harald Hårfagres gang. På biletet ser ein «bukaskinnet».



Dette er bilete av ei «svovelkisgruve» på Lindøyne. Omlag midt i gruva står att ein «berar». Under han går ein liten tunnel som fører inn i neste gruve-rom som tilslutt endar i ein klove. Fargane i gruveveggen skifter i eit utal brun- og gratonar, stundom går fargane over i mørkt fiolett. Langs gruvekanten blomer rosslyngen.




Frå søre vegg på gamle Moster kyrkje. No trur ein å veta at mellomalderen bygde ein jamt koret og noko av skipet fyrst, før ein heidt fram med resten. Dette er også gjort på Moster. Ein ser tydeleg skoyten mellom eldre og yngre arbeid. Det mørke feltet er eldst, og steinen her meiner ein er komen fra Løking.



Dagbrot for kalkstein i Notlandsfeltet.



Verket. Ein kan timja murane under ymse hus. Dei to grå stripene er dei to samlekanalane for gullførande sand.



Risvikjo. Grusdungen i bakgrunnen er frå Hewletts gang.

visste om ikkje einkvan av dei gullførande gangane heldt fram innover til Steinsvåg. Det hender ein finn gull i svovelkis. Då vart det påemna på nytt. Med omsyn til kisen var det på tale å byggja skinnebane frå gruvene vestom Russestraumen over Steinsvåg til «Straumstre», stranda vestom Gamlestraumen. Men det ville verta kostbart. Det var Vestlandske Grubeselskap som arbeidde med desse planane. Etter ein del prat att og fram fall dette bort, den gongen også. I 1913 vart det påvist gull om lag 100 meter nord for prøvedrifta på Steinsvåg. Dette førde til at alt same året var det ei dame frå Bergen som ville kjøpa gruvene på Steinsvåg. På grunn av krigen fall dette bort og har ikkje vore påemna seinare.

På Vedabakken på Våge dreiv dei også etter svovelkis. Det heiter at den gamle køyrevegen frå Vågspollen til Vedabakken vart bygd med tanke på kiskøyting. Noko nemnande drift vart her ikkje, men nokre båtladningar med kis skal dei ha ført herifrå. Svovelkis var det også dei dreiv etter på Kuleseid og Sakseid. Fleire stader ligg svovelkisen innsprengt i fjellet i korn og klumpar, men lite i samanhengande gangar. På liknande måte finns magnetkis innsprengt i gangar av grønstein. På Kuleseid og Sakseid har det vore prøvedrift i fleire skjerp utan at det har ford til nemnande resultat. Einast frå Sakseid-gruva vart det ford ein liten båtladning ein gong. Denne gruva ligg nokså høgt oppe i ei fjellside, «Sakseidfjedle», og i den tid fall det tungvint å få kisen ned til sjøen. Elles er kisen så oppblanda med andre bergarter at det ville snaut iona seg, heller ikkje med moderne fraktemåtar.

Sør for Tormodsetre ligg Lindøyno. Det er her største drifta etter svovelkis har gått fore seg. Bergartene er her om lag dei same som ved Kuleseid-kanalen og Sakseid. Ein som i dag kjem til Lindøyno, vil finna rustkledde gruverom. Ved nøgnare granskning vil ein sjå at svovelkis og grus er bundne saman med brunjarnstein. Ein finn og bjørkekvister som har gått over til

brunjarnstein, men som likevel har sin kjennelege ut-sjånad.

I 1860—70-åra var det størst verksemd på Lindøyne. Det var mykje folk i arbeid, helst bygdefolk, men også fleire tilreisande. Arbeidsformannen heitte Lind. Han var ingeniør, og namnet hans er knytt til fleire av dei nemnde prøvedriftene etter svovelkis. På Våge åtte han dessutan eit gardsbruk. Det vart seinare delt mellom Jakob Pettersen og Andreas L. Våge.

Økonomisk kom gruvearbeidet vél med for mang ein arbeidar. Det vart ikkje store pengar av slitet, men det var heller ikkje folk vane med. Ein av arbeidarane fekk fem kroner i løn ein dag. Dette var svære greier. På veg ned sjøbakken snudde og vende han femmaren og tok oppatt og oppatt: «Å, kor fegjen eg e', kor fegjen eg e'!»

Den brukandes kisen vart send sørover til Karmøy til Vigsnes. Til dette trongst jekter. Det var seilskuter i dei dagar og mang ein bømbling gjorde seg kjend som seilskutemann og jekteskipper.

På austsida av Straumfjorden ligg Alvsvåg koparkis-gruver. Drifta her kom i gang etter skjerpinga fyrst i 1860-åra. Her vart også funne svovelkis og magnetkis. Svovelkisen vart ikkje større påakta før omkring 1860. Då tok industrien seg opp, og det vart bruk for svovel-syre.

Det var Vigsnes Kobberverk på Karmøy som dreiv i Alvsvåg-gruvene. Mot slutten, i 1882-84, var det eit fransk selskap som dreiv her. Dei åtte då Vigsnes Kobberverk og dreiv fleire stader, m.a. Alvsvåg. I 1884 vart arbeidet lagt ned for di det var for lite å finna her.

Drifta var etter maten stor. Her arbeidde opp til 100 mann. Det kom folk frå mange kantar av landet, menn som var vane med gruvearbeid. Mange av dei var snart her og snart der og stoppa ikkje så lenge på kvar staden. Det var óg mange urolege element som kom hit. Tilreisande arbeidsfolk budde kringom på gardane Alvsvåg, Fylkesnes og Meland. Elles var det mykje bygdefolk som

arbeidde der. Det var berre bygd to hus som høyrde sjølve Verket til. Det var maskinhuset og vaskehuset. Vidare var det eit hus for direksjonen.

Engel Gilje, som i si tid arbeidde ved koparverket i Alvsvåg, fortalde meg ymse frå drifta. Han tok til der då han var berre gutungen. Gutungane arbeidde i 4 dagar og var på skulen 2 dagar i veka. Skulegutane vart nytta til å skilja koparen frå gråsteinen. Kisen kom opp or gruvene i små og store steinar. Dei største vart sund-slegne med sleggje. Etterpå vart steinen send gjennom ein knusemaskin. Denne maskinen knuste steinen så han vart på storleik som ei vanleg potet. Så tok gutungane fatt. Koparkisen vart fylt i tønner og gutane fekk betaling for kvar tønne. Dei som var retteleg flinke, heldt seg ei løn på kr. 23,00 for månaden.

Dei som arbeidde nede i gruvene, hadde lang arbeidsdag. Dei arbeidde frå klokka seks om morgonen til klokka seks om kvelden. Den finaste koparen fann dei på 18 meters og 28 meters djupn. Fargen på koparen var gulblank. Det var akkordarbeid i gruvene, og arbeidarane hadde vanleg kr. 1,60 — kr. 2,00 pr. dag.

I Gongstø, på vestsida av Alvsvåg, murte dei opp ei bryggje som enno er brukande. Ho er ikkje støypt, berre oppmura av stein. Koparen vart frakta frå verket ned til Gongstø av arbeidsgjengar på 10 mann som bar koparkisen i bærebårer. Dei var 2 mann om ei bære. Kvar gong bar dei 50 kg, etter 10 bårer tok dei kvild. Frå Gongstø vart koparen frakta i lektarar til Vigsnes på Karmøy. Det var stor skjerpefeber i bygda i denne tida. Mest kvar mann gjorde sine skjerp og sende inn melding om det til lensmannen. Forat skjerpet skulle vera gyldig, måtte det lesast opp på kyrkjebakken. Lesing på kyrkjebakken var den vanlege kunngjeringsmåten til 1915. Lærer Thorsheim på Gilje las vanleg opp skjerpa på vegner av lensmannen. Han stod nett utom kyrkjeporten og las. Kyrkjelyden kom ut or kyrkja og framom medan han stod der og las skjerp, men dei gav lite gaum på kvar skjerpa var frå, middagen lokka meir

og heimvegen fall lang for mange. Thorsheim hadde kr. 0,80 for kvart skjerp han las. Gutungane som fekk stå der og halda papira til læraren, tykte dei var tildelt ei stor og ærefull oppgåve. Dei stod der for æra si skuld, ikkje for løna. «Eg stod jamt og heldt pappiro, eg», sa Engel'n.

På Fylkesnes og Hallaråker vart det skjerpa etter kopar- og magnetkis, men det vart ikkje sett i gang nemnande drift. Etter nokre år vart arbeidet lagt ned, også på Alvsvåg. Det var for lite å finna der. Det vart ein annan stad som lokka meir: Risvikjo og gullet der.

Att låg djupe gruvehol og mektige rustbrune grusdunar. Gruveholene rann fulle av vatn. I mange år etterpå, før det vart vanleg med innlagt vatn, gjekk kokene på Alvsvåg hit ut med klevasken. Her murte dei opp underlag for klegrytene, og lyng og brakje til klekokinga fann dei på bergrabbane i nærleiken. Ein ekstra «omn» må ein tru var etla kaffikjelen. På fine sumardagar var det liv og røre att i koparfeltet.


I våre dagar vert grusdungeane køyrde vekk og bruka til veggrus.

GULL

VII.

Gullgruvefeltet ligg på vestsida av søre halvparten av Bømlø, frå Risvikjo til Løklingsfjorden. Dette er ein strekning på om lag 13 km. Dei fleste gullgangane finn ein i eit område på 1 km². Gullet her er omtrent berre berg-gull. Men det er også funne gull ved å vaske den raude jorda, auren, som ligg over gangane.

I istida førde isen med seg all laus masse. Landet ligg reinskurt og avvaska heilt ned mot gangane. Kor ein snur seg, ser ein berre gråe bergknausar. Bert og audt ligg landet ut mot havet. Fer ein framom med båt, ser ein hist og her nokre djupe hol i bergveggen.



Det er gruvehol, som på si vis fortel om «gulltida». Utafor gangane ligg som oftast store dungar av stein, kvarts og gråstein. I sume av småsteinane ser ein det glimar og skin i sola. Men det treng ikkje vera gull alt som glimar. Ein kan også få auga på kvartsgangar som tøyger seg som kvite band bortover gråberget. Sume av gangane er gullførande, men ein treng ikkje tru, om ein ser ei kvit kvartsstripe, at her kan ein finna gull.

I 1862 var det ein mann frå Modum som skjerpa etter kopar i Urdo på Løking. Etter han fekk skjerpet namn, Modumgruva. I, eller i nærleiken av, dette skjerpet fann ein gutunge eit stykke reint gull som kom i hendene på Modum-inannen, og han gav det til bergmester T. Dahll som betalte kr. 8,00 for gullstykket. Dahll reiste mykje på Bømlo i dei dagar og studerte geologien her. Han sende gullstykket til Universitetets Mineralsamling. Den gongen vart det ikkje gjort meir med funnet.

I 1870 reiste Amund Helland, professor i gruvedrift, til Urdo for å sjå og granska staden der det var funne gull. Han prøvde ein annan kvartsgang, gangen i Bukkskinnskloven, eller som han seinare vart heitande: Harald Hårfagres gang. Han fann at svovelkisen i denne gangen inneheldt 4 gram gull pr. tonn kis. I same gangen var det også dreve etter koparkis.

Det var elles dreve etter kopar- og svovelkis i fleire gangar utan at dei som dreiv der var klare over at kisen var gullførande. Det var koparkisen som gav høve til at gullet vart oppdaga på nytt i 1882. To telegrafistar, Reitan og Hansen frå Haugesund, hadde på den tid ei prøvedrift i «Storhougen Grube». Dei dreiv etter koparkis. Ein dag, vert det fortalt etter telegrafist Hansen, kom det opp ein gullhaldig stein frå ei djupne på 7 meter. Steinen var kløyvd. Skjerparane vart merksame på gullet då dei sag at dei to delene steinen var kløyvd i heldt fram å hanga saman. Dei såg nærare etter og fann det var gull som heldt dei to partane i hop. Dette hende i slutten av 1882. Arbeidet heldt fram i «Stor-

hougen Grube» og i oktober 1883 var dei komne ned på 20 meters djupn. Der skaut dei laus ein stein på om lag $\frac{1}{2}$ kubikkfot og fann at han inneheldt $\frac{1}{2}$ kg reint gull til eit verde av kr. 1100,00. Dette førde til ein skjerpefeber, og i 1884 vart det meldt inn 350 skjerp på større og mindre kvartsgangar. Skjerpa vart meldt til lensmannen, og som før nemnt, opplesne på kyrkjebakken. Gullet høyrer til dei edle metalla, men det er sjeldan det fins kjemisk reint ute i naturen. Det er meir eller mindre oppblanda med sølv. Det heiter at gullet på Bømlo inneheld 93% reint gull og 7% sølv. Kjemisk reint gull er 19,37 gonger så tungt som vatn, men når det er oppblanda med sølv, minkar servekta til 15,6 og endå lagare, alt etter sølvinnhaldet.

Det reine gullet førekjem på to måtar i naturen: Anten sit det i faste fjellet og må utvinnast ved gruvedrift, eller det er laustliggjande klumpar, småbetar, som korn og sand i gamle og nye elfefar. I første høvet kallast det berggull, i andre vaskegull. Berggullet er harforma, innsprengt som små gneistar, krystallar og blad, ofte så smått at ein kan ikkje sjå det med berre auga. Det vil jarnast vera slik at på dei stader der ein finn berggull, kan ein også vona på å finna vaskegull. Det har seg slik at det vaskegullet som finst i elfefara, har opphaveleg vore berggull. Likeeins som steinen og sanden me finn i elvane i si tid har vore fast fjell, så stammar vaskegullet òg frå det faste fjellet. Forvitring tær på fjellet, og elvane fører dei lausrevne steinane med seg. No har gråsteinen mindre servekt enn gull. Han har servekt 2,7. Han vert difor lettare ford av garde med vatnet, og så ligg gullet att.

Gullet på Bømlo er på det næraste berre berggull. Ein har, som før nemnt, funne gull ved å vaska den raudde jorda attmed Haugesundsgangen og «Storhougen Grube». Denne raudjorda er forvittra kis, og stammar frå kvartsgangane som ligg i nærleiken. Elles er det

funne nokre lause kvartsblokker med gull straks utafor utgangen av Haugesundsgangen.

Hovudmineralet i dei gullførande gangane er kvarts. Men jamnast vil ein også finna svovelkis, stundom koparkis, kalkspatt, blyglans og tellurvismuth. Det hender også at ein finn gullførande kvartsgangar i skifer. Elles er det ikkje lite grønstein i gullfeltet. Kvartsgangane førekjem for ein del på grensa mellom ein gneisliknande bergart og grønsteinen, men dei går også gjennom skiferbergarter.

Gangane i Risvikjo går for det meste i sørvestleg retning opp gjennom eit lite dalføre dei kallar Kjennreidalen. Her kunne dei, før gruvedrifta tok til, følgja ein kvartsgang på 100 meter. Gullinnhaldet viste seg å vera 84,3 gram pr. tonn.

Lenger sør i feltet ligg «Storhougen Grube» eller som ho seinare vart kalla: Oscars gruve, etter kongen Oscar II. Her var det drift før gullgruvedrifta tok til. Det var her telegrafistane Reitan og Hansen fann gull då dei dreiv etter koparkis. Bergmester Dahll skreiv om denne gruva i februar 1884: «Kun paa et Sted i Storhougens Grube fandtes et lidet Skjærpningsarbeide igang. Her var det grønne, skifrige Belte, der falder 40° mod nordvest, 6 Meter mægtigt, og i det liggende af samme, hvor Kvartsen optræder i mindre, ved grønne Striber adskilte Aarer. havde man med en trang Drift naaet ned til et Dyb efter Faldet af 20 Meter; likesaa havde man omtrent halvvejs gaaet ud 5 a 6 Meter til hver Side med to smaa Orter. I Bunden av Gruben saaes ikke Guld, ligesaa lidt som paa noget andet Sted med Undtagelse af en Stribe 2½ Meter op fra Bunden i Grubens sydvestre Side.

Denne Stribe udpræger sig paa den graa Kvartsflade med sin Guldglans og er indsprængt med Guld omtrent som Sølv i den bekjendte Mittelerts paa Kongsberg. Den er omtrent 3 a 4 Centimeter bred og vel 30 Centimeter lang. Dette lille Anbrud er aabenbart Res-

ten af et guldførende Parti, som man stødte paa i et Dyb af omtrent 6 Meter under Skjærpnningen efter den sparsomt optrædende Kobberkis, og hvorefter man formener at have vundet Guld for 4000 Kroner.»

Ein av dei likaste gullførande kvartsgangane var Haugesundsgangen. Han var om lag 120 meter lang og opptil 1 meter brei. Dei gjekk ned 5 meter før dei fann gull. Frå denne gangen er det kome fleire handsteinar med gull.

I Carl Olsens gang var gullinnhaldet 26 gram og sølvinnhaldet 8 gram pr. tonn stein. Dette var i 18 meters djupne. I 20 meters djupne var gangen 5 til 15 cm brei med om lag 90 gram gull pr. tonn. Her er kvartsen blanda med blyglans og sinkblende.

Det vil føra for vidt å nemna alle gruvene. Her er berre nemnt nokre av dei største og mest kjende. Gullgravinga tok til i 1883 og var i gang til 1898. Det tok slutt av di drifta ikkje var rekningsssvarande. I 1906 kom drifta i gang att og gjekk til 1910. Då vart det slutt for godt. I 1916 vart det auksjon over alt i hop.

Då gullgravinga byrja i 1883, kom mykje av drifta og kapitalen ganske snart over på engelske hender. Engelskmennene dreiv gullgraving andre stader i verda, m. a. i Afrika og i Australia. Arbeidarane var innfødde, men direktørar og ingeniørar var engelske. Slik gjekk det også føre seg då dei tok hand om gullgravinga på Risvikjo.

Det engelske selskapet kalla seg Oscar Gold Mining Co. Ltd. Fyrste direktøren var John Daw jr. Han hadde vore gruvemann i Australia og vore direktør på Gullnes og sidan på Åmdals Verk, begge i Telemark. Ettermannen hans var A. Newton Bluett. Dette selskapet dreiv dei fleste av gullgruvene rundt Storhaugen, i Kjennreidalen, Risvikjo (Hullets gang i Risvikjo heiter etter engelskmannen Hewlett), Urdo og Tverrborgvikjo. Det var også andre selskap som dreiv, t.d. Bømmeløens

forenede Grubekompanier. Dei hadde Flataneset og Carl Olsens gang. Så var det Jørgensens skjerp i Risvikjo. Dessutan var det ei madam Jonassen som dreiv hotell i Haugesund. Ho åtte Haugesundsgangen, som var halden for å vera den mest lovande drifta i heile feltet, og Eidsvollgruva som ligg i nærleiken av Storhaug. Sistnemnde gruva kom også under engelsk leiding. Men drifta her stod ikkje lenge på. Det vart usemje mellom direktøren og ingeniøren. Direktøren ville ha det til at ingeniøren hadde fare uærleg åt. Det kom advokatar frå Christiania og London. Ingeniøren kom i fengslet på Leirvik. Han slapp ut, og ryktet seier han for til Australia. Etter dette var det slutt i Eidsvoll-gruva.

Då gruvedrifta var på sitt høgste, arbeidde der bortimot 500 mann. Det kom folk frå alle kantar av landet og mange svenskar. Mykje «slusk» strøymde til, karar som var vane med steinarbeid. Mange av dei stoppa berre nokre dagar, så for dei vidare til neste stad. Men etter kvart vart det ein fast arbeidsstokk. Dei budde i brakkene som høyrde verket til. Alle fekk ikkje plass der, og difor budde mange hos private sør i Urdabrekko og elles på Løkling. Det heiter at det kom både gode og dårlege element, både av kar og kvende. Det kom opp hotell og skjenkestover. Kleibergs hotell nord for Urdastølen var liksom Grand hotell og dertil var det hotell på Stangeneset. Ei skjenkestove kom opp i nærleiken av Kleibergs hotell. Utanom dette hadde dei ein flytande restaurant, ein gammal avdanka dampbåt som låg oppankra på Urdavikjo i Løklingsfjorden. Attpå alt dette hende det jamt at karane sette seg til ryggars og rodde til Hiskjo etter endå meir drikkandes. Alt dette uliv hadde sine fylgjer. Verket sette av kr. 20.000,- til stønad for kommunen, som laut ta seg av dei ulukkelege.

Gruvedrifta i den tida var tungvint. På grunn av manglande tekniske hjelperåder var ein til å byrja med nøydd til å hiva opp stein med handvinsj. Denne vinsjen kalla dei haspe. Dei fylte stein i eit kar som vart

kalla kivert. Dette var baljar av tre eller jarn. Dei vart festa til ein wire som stod i samband med vinsjen. Denne wiren kalla dei drom. Når steinen kom opp i dagen, skilde dei gråstein og kvarts frå einannan. Kvartsen vart kjørt med hest til steinknusaren. Der vart steinen knust til ein storleik som høvde for stampebryene. Desse hadde ein storleik på 1 m × 30. Seinare kom det skinnegang med traller frå dei største gravene til vaskeriet. Det stod på Djupevikjo, på sjøve Verket, og vart sett opp i 1884. Same året stemde dei (Oscar Gold Mining Co. Ltd.) opp 18 000 m³ vatn med tanke på vasking av knust, gullførande kvarts. På Djupevikjo, i høvande nærleik av Storhougen Grube, stod også stampebryene og steinknusaren. Då skinnegangen kom, vart knusaren førd opp på eit høgt stillas. Då gjekk den knuste steinen ned i ein silo på sida av vaskeriet. Derifrå laut steinen berast i store tråg til stampene som stod inne i vaskeriet. Det var ung-gutane sitt arbeid. Det vart kalla «å mata stampene». Stampene var laga av svære stålstenger, 6 meter lange og 5 tumar tjukke. I nedre enden på stengene var det festa nokre store lodd av herda stål. Det var fem slike stamper. Dei stod etter kvarandre og slo i same stålbrya. Det var to slike bryer og ein gut til å mata kvar av dei. No hende det ofte at slike karar kunne bli usams og ryka i tottande på einannan. Stampene gjekk sitt same. Når det ikkje var att meir stein, tok dei på å braka noko reint forgale. Akssen som dreiv stampene var forsynt med løftearmar med tilsvarande løftearm på stampestanga. Når desse vart lyfte opp og så datt ned att, smalt det helst mykje i tom brye. Når det då var to slike, muna det. Huset og grunnen omkring det rista og skalv. Dette spetaklet kalla stiger eller direktør på plassen. Det vart eit kort oppgjer med gutane. Noko lengre «akkedas» var ikkje naudsynt. «Hardaste påminninga var likevel redsla for at huset og det heile skulle falla nedover oss» fortalde ein som snakka av røynsle. Karane tok lettbedne tråget og la i veg etter stein.

Gjennom bryene rann det stadig vatn som førde den finknuste sanden nedover eit stort, skrått bord med små renner, og gjennom dei vart sanden førd ned i ei større renne som var kledd med koparplater. Koparplatene var amalgamerte. Det vil seia at fyrst vart dei vaska med fortynna salpetersyre og deretter gnidd inn med kvikksølv med hjelp av ein klut fukta i salpetersyre. Når ei koparplate fyrst er amalgamert, treng ein berre no og då sprøyta litt nytt kvikksølv på henne etter hvart som gullet endrar kvikksølvet til fast amalgam. Når den gullhaldige sanden vart førd med vatnet over renna, batt gullet seg til kvikksølvet medan sanden for vidare. Etterat det hadde samla seg ein del gullhaldig amalgam, tok ein platene ut og heta dei litt opp. Då løyste amalgamet seg frå koparen og kunne skrapast av. Når platene vart kalde, kunne ein gni dei med kvikksølv att, utan å bruka salpetersyre fyrst, og så var dei ferdige til bruk. Amalgamet av kvikksølv og gull vart fyrst filtrert på den måten at ein vridde det i skinn og seilduk. Då pipla det fram kvikksølv, og det vart att ei blanding av gull og kvikksølv på 35-40% gull. Denne «deigen» forma ein til runde stykker på storleik som store epler og putta dei inn i smeltediglar som så vart heta opp. Kvikksølvet vart dampast ut, leida gjennom røyr og kondensert til kvikksølv att. Det reine gullet låg att i digelen. Smeltinga med meir gjekk føre seg i laboratoriet. Det stod attmed vaskeriet.

No kan ein ikkje seia at alt gullet vart så vel oppsamla. Mykje av gullstøvet fylgde med sanden og vatnet og hamna på botnen av Djupevikjo der det er 70-80 farnar djupt. Det vert fortalt at det ligg mange kilo gull der. Noko av sanden vart elles oppsamla i to kanalar. Dei var om lag 40 meter lange og 1½ meter breie og djupe. Det var tanken at denne sanden skulle vaskast omøtt, for dei var klar over at det var mykje gull att i den sanden som rann vekk. Dette vart aldri gjort. Sanden vart etter kvart bruka til støypesand og mykje rann på sjøen.

Dei som tok ut fjell i gruvene, vart kalla drivarar. Dei fekk betaling etter talet på kubikkmetrane dei dreiv ut. Dei som kjørte ut stein, hadde anten betaling for talet på vognene, eller dagløn. Daglønna var om lag kr. 2,00. Oftast låg gruvene slik til at det gjekk ikkje an å kjøra steinen ut med traller og handemakt. Dei måtte anten nytta kiver og drom eller vogner og skinner. Desse vognene hadde botn i eine enden og vart dregen opp med dampkraft. Det gjekk mykje på akkordarbeid. Det muna best då. Men det hende dei fekk dagløn, og då var det dei som slunta unna. Såleis hermer dei etter direktør Bluett, i daglegtalet kalla Blytten, han kom til Hewletts gang i Risvikjo ein dag og såg på arbeidslaget: «Se! Nu går det godt i Hewletts gang. En mann arbeider og tre ser på!» Det ein kallar Verket, utgjorde forutan vaskeri og renner, steinknuser og pukkverk også kontor og laboratorium, verkstad og stiger- og direktørbustad. Som før nemnt, demde ein opp nokre dammar for å få vatn til stampene. Eine vatnet låg straks austom direktørbustaden og var så stort at direktøren hadde pram liggjande der og kunne ta seg ein rotur om han ville samen med sine engelske damer i fine sommarkveldar.

Nord i Risvikjo stod maskinhus, kjelhus og smia. Mellom Djupevikjo og Risvikjo vart det bygd skinne-gang. Vognene på denne vart drevne frå maskinhuset med wire frå ein roterande trommel. Maskinen var på 50 hestekrefter.

Forat ei drift på gullførande kvartsganger skal løna seg, reknar ein i Australia at gangen må ha eit gullinnhald på 8,3 gram gull pr. tonn stein. Kvartsgangane på Bømlø rakk knapt opp i 8 gram. Då drifta på Bømlø tok til, hadde ein ikkje minste kjennskap til medeltalet for gullinnhaldet her. Då drifta stogga i 1898 såg oversynet slik ut:

	Kg.	Medeltal pr. år
1883—87	28,1	5,6 kg.
1888—90	51,7	17,2 kg.
1891—95	41,0	8,2 kg.
1896—98	15,9	5,3 kg.
Tilsaman 1883—98 . .	136,7	

No var prisen pr. kg. gull om lag kr. 2400,00. 136,7 kg gull utgjorde om lag kr. 328 000,00. Utgiftene vart det mangedobla.

Bergmester Dahll skreiv i februar 1884: «Denne Storhoug Grube tilligemed 6 andre Anvisninger er solgt til et engelsk Selskab, der kalder sig «Oscar Gold Mining Co.» (limited). Det har en Kapital af £ 75.000, hvoraf £ 35.000 er betalt for Gruben med en Halvpart i Aktier og den anden Halvpart i Penge.» £ 75.000 utgjorde kr. 1.350.000,00 og var kapitalen i det eldste Oscar-selskapet. Oscar Gold Mining Co. Ltd. kom i beit for pengar. I 1886 gav dei opp og eit nytt selskap kom istaden: The New Oscar Gold Mining Co. med ein ekstra kapital på £ 40.000.— eller kr. 720.000. Det er ikkje sikkert at desse to millionane berre kom sjølv driften til gode, for gruvevene vart kjøpte og selde jamnast med fordel for seljarane. Tar ein med i rekninga utlegga åt dei andre selskapa som dreiv her og utlegga som dei 1000-1200 skjerparane hadde, vil utgiftene koma opp i fleire millionar kroner.

I 1906 tok drifta seg opp att. Det var atter eit engelsk selskap, denne gongen under namnet «The King Haakon Gold Mines Ltd.» Dei sette opp nytt maskineri til utvinning av gull med cyankalium istadenfor kvikksølv. Talet på arbeidrarar var i 1907 10 mann og i 1909 47 mann. Produksjonen i 1909 var 2,158 kg gull. Dei gjorde same røynsla som andre før dei hadde gjort: gangane var for gullfatige. Drifta stogga att i juli 1910.

Då krigen 1914 hadde teke til, selde dei engelske ei-

garane (Armstrong i Newcastle) heile Verket til 3 nordmenn. Det er sagt at salgssummen var £ 1000. Dei 3 nye eigarane var Nils i Urdo, Andreas Pedersen på Stangenaset i Urdo og så tilsynsmannen på Verket, som heitte Dyrdal og var frå Sogn. Sommaren 1916 heldt dei auksjon til oppløysing av sameiga. Då vart selt skinner, traller, vogner, bor og annan reiskap. Steinkjellar, mursteinspiper og hus vart nedrivne og spreidde for alle vindar. Maskinane vart selde som gamalt jarn. Dei store rensetankane hamna som oljetankar i Rubbestadneset. Dertil fór elles også ein god del av skinnene.

Før gullgruvedriften tok til i 1883, budde det ein einsleg huslyd her ute på «vikane», som er den lokale nemninga på området mellom Helvikjo og Urdo. Det var Samson i Risvikjo. Då dei tre nemnde mennene realiserte Verket, var det fleire av dei tidlegare arbeidarane der som kjøpte brakker og fekk seg opp hus. Sume av dei busette seg her på vikane. Stundom var dei så heldige å få ein jordlapp attåt. Så byrja dei fisket.

Så var gulltida slutt og Verket borte. Bygda var komen i sitt gamle gjenge. Att stod murane og fortalde endå ei tid frametter kvar hotellet, direktørbustaden og alle dei andre husa hadde stått. Frø kom fykande og slo rot. Opp langs murane rann tistel, bregne og klunger. Men der koparplatene og rennene hadde vore, vaks — og veks — det ingenting.

Vatn fylte gruveroma. Vegane dit grodde att av lyng og brakje.

For dei som no er unge og ikkje har slite og sveitta for lita løn i myrke gruverom, ligg det noko av ein eventyrglans over gullgruvefeltet. Kan hende gjer det óg det for dei få nolevande som enno minnest gutedagane då dei sprang med tróget og fylte det med gullførande kvarts.

Solveig Steinsvåg.

KJELDER:

Samtale: Dahl, Christian.

Gilje, Engel Torsteinsen f. 24/7 1879 d. 2/5 1952

Grønevik, John f. 13/1 1869 d. 20/7 1957

Nonås, Peder f. 16/9 1894 d. 16/1 1963

Nonås, Per

Robberstad, Henrik

Robberstad, Knut

Robberstad, Magnus f. 24/8 1867 d. 22/1 1954

Skimmeland, Peder Johan f. 23/1 1875 d. 8/11 1963


Skjetne, Jens Olsen f. 3/8 1876 d. 7/6 1958

Skjetne, Oluf

Bøker:

Professor Amund Helland: «Guldet på Bømmeløen og dets Gange. 1884». «Norges Land og Folk. Topografisk statistisk beskrivelse over Søndre Bergenhus Amt 1921.»

Dr. H. Reusch: «Geologisk beskrivelse over Karmøyen og Bømmeløen.» 1886.



Lasting fra Stordobenk i gruva.



Maskinlasting i gruva.



Litlabo frá lufti.



Maskinboring í gruva.

♦ Den gamle gruva i Høgåsen.